



NVE
Konsesjonsavdelinga
P.B. 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn, Kjerringnes- Ugulsvik og Storelvi kraftverk


SFE Nett ynskjer i eigenskap av regionalt utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei kort orientering om nettilhøva i regional- og sentralnettet i samband med søknaden om konsesjon for Kjerringnes- Ugulsvik samt Øvre- og Nedre Storelvi kraftverk. For sjølvne nettilknyttinga og tilhøva i lokalt distribusjonsnett viser vi til lokal netteigar, Luster Energiverk AS.

Dagens sentralnett mellom Ørskog og Aurland har i dag ikkje kapasitet til meir ny produksjon før nødvendige tiltak er gjennomført. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04.2009. 420kV Ørskog-Sogndal vil avhjelpe denne flaskehalsen. Ei nærare orientering om nettkapasiteten for ny produksjon i Indre Sogn vart gjeve av Statnett i brev til NVE 02.07.2013. Kort oppsummert må 420kV Ørskog-Høyanger være sett i drift samt Sogndal stasjon med tilhøyrande SVC-anlegg før Fardalen Kraftverk kan koblast til nettet. Ørskog – Sogndal er under bygging, men framdrifta er framleis usikker.

Det er óg ein mogeleg flaskehals i sentralnettet mellom Leirdøla og Fardal/Sogndal ved auka produksjon under sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun. I nemnde brev (02.07.2013) vurderer Statnett ledig kapasitet her til 100MW, med den føresetnad at også systemvern (Pfk) vert nytta. Det er isolert sett rom for dei fire konsesjonssøkte kraftverka, men ikkje samla konsesjonsgjeven og –søkt mengde. Nettkapasitet her må derfor avklarast nærare med Statnett om konsesjon vert gjeven.

Lokalt 22kV nett har ikkje kapasitet til den planlagde nye produksjonen frå Veitastrond. Luster Energiverk har derfor konsesjonssøkt ein 66kV forbindelse frå Hafslo til Veitastrond med transformeringspunkt i Ugulsvik og Veitastrond. Etablering av dette nettanlegget er ein føresetnad for å kunne knytte til dei planlagde kraftverka i området.

Med helsing
SFE Nett AS


Kristen Skrivarvik
Nettplanleggar

Sogn og Fjordane Energi AS

Bokta: 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00 Hjemmeside: www.sfe.no
Telefaks: 57 88 47 01 Org. nr.: 984 882 092
Kundesenter: 57 88 47 47 Bankkonto: 8580 13 92356
E-post: post@sfen.no

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto: 8580 13 93093
Besøksadr.: Hamregata 1, Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto: 8580 13 93069

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto: 8580 13 93662

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 8580 13 93182
Besøksadr.: Svelgen